

# Innbydning til temadagar om landbruk før fylkestingsvalet 2023

Vestland Bondelag inviterer til temadagar i førekant av Fylkestingsvalet 2023. Vi fokuserer på ulike tema innan landbruk, der de som komande Fylkestingsrepresentantar/ vararepresentantar vil få eit ansvar. Vi legg opp til kunnskapsbygging og uformell dialog i møte mellom representantar frå næringa og fylkesstyret.



## Utmarksressursane sin plass i framtidslandbruket i Vestland

**Tid:** Onsdag 16. august 2023 klokka 11:00

**Stad:** Oppmøte Buda AS, Strynevegen 2806, Hjelledalen for samordning av transport opp Sunndalen  
Dette arrangementet skjer i samarbeid med Stryn Bonde- og Småbrukarlag og Indre Nordfjord Turlag.

Det vert kring 1,5 t roleg gåing frå P-plass til Sunndalssetra inkludert stopp undervegs. Turen har ein høgdeskilnad på 170 m og er på om lag 4 km. Det er ein fordel med gode sko, klede og ein liten tursekk. Ved starten av turen får alle utdelt litt turproviant og ei flaske vatn. Her finn du litt informasjon om turen [Sunndalssetra i Oppstryn – nytnaturen.no](https://www.nytnaturen.no). Sunndalssetra ligg inne i Jostedalbreen Nasjonalpark.

### På P-plass

Velkomen med på tur ved leiar i Vestland Bondelag Gry Ingvild Agjeld

### Undervegs til Setra:

**Bli kjend med historia til Sunndalen, dagens bruk og framtidig bruk.**

**Rovviltnemnda si rolle som viktig premissleverandør for vidare beitebruk i Sunndalen**

Dei lokalkjende bøndene Rolf Olav Gjørven og Ingolf Folven orienterer.



### 13.00: Lunsj på Sunndalssetra med tradisjonsmat

- Beitebruk og klima - innleiing ved ved klimakoordinator Lene Monsen
- Samarbeid som grunnlag for ulik bruk av utmarka til husdyr, friluftsliv og villrein  
Innleiing ved representant for Indre Nordfjord Turlag

### 14:30: Tek til på heimturen

### 15.30 Takk for i dag og god tur vidare – godt val

*Kontakt: Leiar i Vestland Bondelag: Gry Ingvild Agjeld, 905 02 184*

*Styremedlem i Vestland Bondelag, Rolf Olav Gjørven, 976 53 572*

